

Sogn og Fjordane Fylkeskommune
v/Fylkesdirektør for Samferdsleavdelinga Velaug Veum
Askedalen 2
6863 LEIKANGER

Årdalstangen 15.04.2015

Fv. 53 Årdal – Tyn er heilårsveg!

Årdal kommune er kjent med at Sogn og Fjordane fylkeskommune for tida vurderer ei rad innsparingar, m.a. vinterstenging eller redusert vinterberedskap. Vi skjønner at det er naudsynt for fylkeskommunen å snu kvar stein, men vil likevel åtvare sterkt mot løysinga.

Sambandet til fjells og vidare austover er heilt avgjerande for Årdalssamfunnet. Det er viktig for Vang og Oppland. Det er inngangsporten til infrastruktur og rekreasjon i Jotunheimen, både frå søraust og vest. Aktiviteten på og rundt sambandet er høg heile året.

Ei vinterstenging vil råke hardt. Det vil gjere omstilling og utvikling i Årdal og Vang enda meir krevjande. Innsparingane for fylkeskommunen må vere relativt låge i forhold til dei ulemper og kostnader ei eventuell stenging vil påføre folk og næring. Det er ikkje utan grunn at Oppland fylkeskommune åtvarar mot framlegget, på trass av at den er med på å dele på utgifter og investeringar.

I samarbeid med Vang kommune har Årdal Utvikling kartlagt aktiviteten på og rundt sambandet. Rapporten synleggjer verdien, og særleg kor viktig det er med heilårssamband.

Generelt vil ulempene ved vinterstenging vere:

- *Særs negativt for næringslivet på begge sider av fjellet, særleg reiselivet*
- *Mindre bruk av området og hyttene vinterstid*
- *Konsekvens for liv, helse og beredskap*
- *Vanskelegare kommunikasjon ved ulukker. Manglar alternativ.*
- *Årdal kjem i ei «bakevje» vinterstid*
- *Vanskelegare å tiltrekke seg kompetanse og arbeidskraft*

Vi legg ved rapporten og ber om at den vert gjort kjent for dei som skal greie ut saka og dei som eventuelt skal ta avgjerd.

Med helsing
ÅRDAL KOMMUNE

Arild Ingar Lægreid
Ordfører

Kopi: Oppland kommune, Samferdsleavdelinga
Vang kommune v/ordfører
Sogn Regionråd v/Krina Nerland

